




# Høyanger Høgre

2023 - 2027

**NÆRING - VEKST - TRIVSEL**





# Visjonar for Høyanger Høgre

Høyanger Kommune skal vere ein nyskapande og framtidsretta kommune, der fokus på positiv vekst, utvikling og trygghet i alle deler av kommunen skal prioriterast.

Vi skal vere ein kommune som tek vare på innbyggjarane i alle livsfasar, og som særskilt legg vekt på å tilretteleggje for at ungdommane våre ser på kommunen som ein attraktiv arbeids- og bustadkommune.

Vi vil at Høyanger kommune skal vere ein attraktiv tilflyttarkommune, der nye innbyggjarar føler seg velkomne og inkluderte.







## Industri og næringsliv

For Høyanger Høgre er arbeidsplassar og folketalsvekst prioritet nummer ein. Vi vil jobbe aktivt for at Høyanger skal være ein JA-kommune, med ei positiv innstilling til nytenking, forandring og utvikling. På den måten skal vi sikre at Høyanger er ein attraktiv, trygg og framtidretta kommune å bu i.

### Høyanger Høgre vil:

- Skape eit nytt industrieventyr i Høyanger samt sikre utviklinga i Sirkulære Høyanger
- Sikre vidare utbygging og fornying av vasskraft, konsekvensutgreie aktuelle areal for vindkraft, samt støtte at kjernekraft vert utgreia. Alt innanfor rammene i lokaldemokratiet
- Fortsette styrking og utvikling av Hjetland Industripark
- Auke aktiviteten i næringsparken i Vadheim og Søreide Næringspark
- Sikre nødvendige regulerte og byggeklare næringsareal i heile kommunen
- Redusere sakshandsamingstida for alle regulerings saker
- Sikre gode rammevilkår og nødvendige areal på sjø og land for oppdrettsnæringa
- Sikre Hydro tilstrekkelege rammevilkår for nye investeringar i Høyanger
- Styrke landbruk, reiseliv og handels- og servicenæringa
- Sikre at kraftinntektene i størst mogleg grad går til næringsutvikling
- Sikre Høyanger Næringsutvikling tilstrekkelege ressursar til å vere den utviklingsmotoren dei skal vere





## Helse og omsorg

Høyanger Høgre vil arbeide for at det skal vere god kvalitet på helse og omsorg. Eit godt omsorgs- og helsetilbod er grunnsteinen i eit varmt og velfungerande samfunn. Befolkninga i kommunen vert stadig eldre noko som medfører at ein må sikre nødvendig kapasitet.

### Høyanger Høgre vil:

- Arbeide for å oppretthalde dagens desentraliserte tilbod
- Støtte helseførebyggjande arbeid gjennom Frisklivssentralen og lag- og organisasjonar
- Sikre ressursar innanfor førebyggjande helsevern for unge
- Fullføre prosjektet for PU bustader og utgreie og sikre tilstrekkeleg tilbod for eldrebustader
- Legge til rette for godt samarbeid mellom offentleg omsorg og frivillig innsats



## Bustadutvikling og sentrumsutvikling

Den viktigaste oppgåva dei neste åra er å auke folketalet. Høyanger kommune må bli ein føretrekt stad å busetje seg i, både for eigen ungdom og for tilflyttarar. Ein føresetnad for å tiltrekkje seg og halde på kvalifisert arbeidskraft, er ein attraktiv bustadmarknad. Særleg har Høyanger tettstad eit stort behov for bustader og leilegheiter med standard som oppfyller dagens krav.

### Høyanger Høgre vil:

- Ha reguleringsplanar som sørger for at det er byggeklare tomter i alle delar av kommunen
- Etablere eit eige selskap som overtek alle kommunale bustader med mål om å rehabilitere eigedomsmassen til dagens standard. Private aktørar bør og kunne inviterast med i selskapet
- At Høyanger tettstad skal få tilbake eit urbant og livleg sentrum, med eit handel- og servicetilbod som gjev sosiale møteplassar på kveldstid og i helgane
- Støtte opp om positiv utvikling av bygdesentrum og sosiale møtestadar i heile kommunen
- At det skal satsast offensivt på marknadsføring av kommunen sine tilbod og kvalitetar, og at HNU skal styrkast med ein heiltidsressurs for å gjere dette på ein profesjonell måte

## Skule og barnehage

Høyanger Høgre ynskjer å skape vekst og utvikling i alle lokalsamfunn slik at vi kan oppretthalde dagens desentraliserte struktur. Elevane skal oppleve god fagleg læring og trivsel.

### Høyanger Høgre vil:


- Arbeide for å sikre alle skular/barnehagar så lenge elevtalet/ barnetalet tilseier det
- Oppretthalde fleksible SFO-tilbod knytt til alle skulane
- Sikre ein aktiv innsats mot mobbing i skule og barnehage
- Bidra til å sikre Høyanger Vidaregåande skule
- Bidra til tettare samarbeid mellom skule og næringsliv
- Fokuserer på trygge skuleveggar

## Kultur og fritid

Eit godt kultur- og fritidstilbod er viktig for at kommunen skal vere ein attraktiv kommune å bu i. Høyanger er ein kommune med ei stolt kraft- og industrihistorie, noko som vi ynskjer å ivareta og byggje vidare på.

### Høyanger Høgre vil:

- Støtte opp om frivillige lag og organisasjonen i heile kommunen, og spesielt styrke lag og organisasjonar som jobbar for barn og ungdom
- Arbeide for eit positivt og inkluderande kulturtilbod i alle bygdelaga
- Støtte arbeidet med at trappene i Høyanger skal vidareførast og utviklast til eit enda betre tilbod både for fysisk aktivitet, rekreasjon, turisme og kulturhistorie
- Støtte arbeidet med å vidareutvikle areala rundt moloanlegget i Høyanger med gjestebrygge, attraktiv rekreasjonsstad og badeplass for innbyggjarane
- Legge til rette for at ungdom skal ha plassar og treffest på fritida også utanom det organiserte kultur- og idrettstilbodet







## Miljø og samferdsle

Høyanger Høgre vil arbeide for at kommunen skal profilere seg som miljøvennleg og rein, men samtidig leggje til rette for busetting i heile kommunen. I ein langstrakt kommune er det viktig med trygge og gode vegar. Høyanger Høgre vil arbeide for godt vedlikehald av kommunale vegar.

### Høyanger Høgre vil:

- Arbeide for god kommunikasjon i heile kommunen
- Bidra til at vegen mellom Tronvik og Vadheim vert utbetra
- Arbeide for at fylkesvegen mellom Oppedal og Ortnevik vert utbetra
- Arbeide for at vegen mellom Bogstunnellen og Vadheim vert utbetra
- Prioritere rassikring
- Ha ladepunkt i alle bygdelag i tilknytning til nærbutikk/kai



# KANDIDATLISTE

## ORDFØRARKANDIDAT

### Hroar Holm Carlsen

Eg er 55 år, gift og har saman med kona tilsaman 5 born. Vaks opp på Tingvoll på Nordmøre, men har dei siste 30 åra budd i Høyanger. Arbeidde på Fundo i ulike leiarstillingar i 15 år fram til konkursen i 2009. Deretter eit år som dagleg leiar på ERAS, før eg vart tilsett i Elkem. Var verksdirektør ved Elkem Bremanger framtil 2020, og er no verksdirektør ved Elkem Bjølvefossen i Hardanger.



Eg byrja i lokalpolitikken framfør førre lokalval, og blei valt inn i kommunestyret. Mitt store mål som lokalpolitikar er å bidra til og snu den negative folketalsutviklinga Høyanger kommune har hatt i fleire tiår. Eg er overtydd om at vi kan skape vekst i folketallet gjennom å jobbe målretta med næringsutvikling, bustadutvikling og sentrumsutvikling. Av den grunn sit eg også som svært aktivt styremedlem i både HNU og i Hjetland- og Leira Næringspark.



2. KANDIDAT

**Are Sæbø Øvreås**

Fødd: 1981  
Kyrkjebø



3. KANDIDAT

**Ingvill Auganæs**

Fødd: 1975  
Høyanger



4. KANDIDAT

**Martin Bjørkhaug**

Fødd: 1971  
Lavik



5. KANDIDAT

**Terje Søreide**

Fødd: 1957  
Bjordal

6. KANDIDAT:	<b>Ulf Tage Abrahamsen</b>	Fødd: 1980	Høyanger
7. KANDIDAT:	<b>Kjersti Johansen Søreide</b>	Fødd: 1955	Bjordal
8. KANDIDAT:	<b>Oddlaug Norunn Buue</b>	Fødd: 1952	Høyanger
9. KANDIDAT:	<b>Irmelin Af Geijerstam</b>	Fødd: 1986	Lavik
10. KANDIDAT:	<b>Sveinung Helge Leirnes</b>	Fødd: 1968	Bjordal
11. KANDIDAT:	<b>Arvid Beinnes</b>	Fødd: 1967	Vadheim
12. KANDIDAT:	<b>Åge Østerbø</b>	Fødd: 1975	Bjordal
13. KANDIDAT:	<b>Ledvin Steinar Nessestrand</b>	Fødd: 1945	Kyrkjebø
14. KANDIDAT:	<b>Oddvar Østerbø</b>	Fødd: 1945	Ikjefjord
15. KANDIDAT:	<b>Aina Åsnes Hovlandsdal</b>	Fødd: 1995	Kyrkjebø

